




Retningslinjer for graving og leidningsarbeid

Randaberg kommune

Vedtatt i Kommunestyret 19.06.2025

INNHOOLD

Innleiing	2
Godkjenning av leidningsarbeid	2
Godkjenning av gravearbeid	2
Godkjenning av arbeidsvarslingsplan	2
Grunneigarar	3
Planlegging og godkjenning av leidningsarbeid	3
Flytteplikt	3
Innhald i søknad om leidningsarbeid	3
Boring	4
Leidning i luft	4
Søknad om gravearbeid	4
Tvangsmulkt	4
Garantitid	4
Arbeid i strid med godkjent tillating	5
Graving utan løyve	5
Full istandsetting	5
Plassering av installasjonar	6
Asfaltering	6
Miljøasfalt	6
Kryssingar	7
Gatestein, belegningsstein, heller og plater	7
Vegmerking	7
Midlertidig istandsetting	7
Arbeider nær tre, friområde, parker, uteområde og andre kommunale areal	7
Framande arter	7
Microtrenching	8

INNLEIING

Desse retningslinjene gjeld for graving i Randaberg kommune. Alle som er involvert i denne aktiviteten, både tiltakshavar og utførande entreprenør, skal setje seg godt inn i gravereglementet. Reglementet gjeld for område der Randaberg kommune er vegmyndigheit og/eller grunneigar. Det gjeld mellom anna for kommunale vegar, gang- og sykkelvegar, torg, friområde, skular og barnehagar, og anna kommunal grunn. Retningslinjene fastset vilkår for å ha leidningar og kablar liggjande i veggrunn eller annan kommunal grunn. Hensikta med reglementet er å sikre at kommunale vegar eller eigedomar ikkje blir påført skadar eller anna kvalitetsmessig forverring ved gravearbeid.

GODKJENNING AV LEIDNINGSARBEID

Planlegging av leidningstrase skal gjerast i utgangspunktet i offentleg veg. Kommunen kan gi løyve til bruk av andre areal. Leidningsforskriftas verkemåte er utleia av veglova §32, der ein viser til at det krevjast godkjenning frå kommunens vegmyndigheit for å leggje leidningar over, under, langs eller nærmare offentleg veg enn 3 meter frå vegkant på begge sider målt vassrett. Om omsyn til trygg ferdsel, vegvedlikehald eller mogleg seinare utbetring av vegen tilseier det, kan kommunen særskilt fastsetje strekningar med ein større avstand, men ikkje større enn til byggjegrænse for vedkomne veg. Det må sendast skriftleg søknad frå leidningseigar om godkjenning frå kommunen for leidningsarbeid. Søknaden skal innehalde traséval (leidningstrase) og andre opplysningar kommunen treng for å behandle søknaden. I dei fleste tilfelle kan ein søkje om godkjenning av leidningsarbeidet og gravetillating samtidig. Ved større kompliserte prosjekt skal ein søkje om godkjenning av leidningsarbeidet før det søkjast om gravetillating. Normalt kan det leggjast til grunn at eksisterande leidningsanlegg i veggrunn som har fått tillating etter veglova §32, ikkje krev ny søknad for vedlikehald og reperasjonar av anlegget. Det krevjast i midlertidig gravesøknad og arbeidsvarslingsplan. Det er søknadsplikt for luftstrekk i tilknytning til veg, og der det nyttast eksisterande stolpar. Kommunen kan gi løyve til å nytte andre kommunale areal. Det setjast krav til at områdets kvalitetar blir ivaretatt. Det må inngå privatrettsleg avtale med kommunen, og det kan stillast krav til tiltak som for eksempel trekkjerøyr, rotbarriere eller liknande.

GODKJENNING AV GRAVEARBEID

I tillegg til godkjenning av leidningsarbeid krev ein og i samsvar med veglova §7 ei eiga skriftleg tillating frå kommunens vegmyndigheit for å setje i gong gravearbeid eller andre tiltak (anleggsarbeid) for leidningsanlegg innanfor vegens eigedomsområde. Skal ein grave i andre kommunale område, må det inngå privatrettsleg avtale og/eller gravetillating.

GODKJENNING AV ARBEIDSVARSLINGSPLAN

Med omsyn til sikker trafikkavvikling må det og søkjast til skiltmyndigheita om godkjenning av ein plan for varsling og sikring av vegarbeid (arbeidsvarslingsplan) ref. N301. Statens vegvesen er skiltmyndigheit for riks- og fylkesvegar. Kommunen er skiltmyndigheit for kommunale vegar. Oppføring av nettstasjonar og andre byggverk i tilknytning til leidningar som leggjast innanfor vegens gjeldande byggegrense må godkjennast av kommunen. Det er og søknadsplikt for luftstrekk i tilknytning til veg.

Kommunen kan krevje at vegen midlertidig utvidast eller leggjast om for å oppnå tilstrekkeleg trafiksikkerheit og framkomelegheit. Kommunen kan og krevje eigen sikra passasje for mjuke trafikantar

forbi arbeidsstaden eller åtkomst til bygningar langs veg. Arbeidsvarslingsplan kan og bli kravd i mykje brukte friområde eller på andre kommunale areal. Ved graving i park- og friområde eller på anna kommunal grunn skal entreprenør ikkje vere til hinder for almen ferdsel, og at grøfter og materiallager ikkje hindrar naturleg framkomelegheit. Ved kryssing av stiar og turveggar kan entreprenør bli pålagt å leggje lemmer/plater over grøfta. Anleggsområdet må vere sikra, og entreprenør skal førebyggje mot at uvedkomande treng seg inn på friområdet for eksempel for å parkere køyretøy eller kaste avfall. Anleggsområdet skal ikkje hindre uttrykingskøyretøy åtkomst til bygningar, idrettsanlegg med meir. Randaberg kommune ynskjer at omgjevnad ved og omkring anleggsområdet skal sikra framkomelegheit for alle så langt som mogleg. Det gjeld då spesielt menneske med redusert funksjonsevne, som for eksempel svaksynte, blinde, bevegelseshemma, rullestolbrukarar, personar med rullator og personar som trillar barnevogn.

GRUNNEIGARAR

Om kommunen er grunneigar, vil samtykket frå kommunen som grunneigar bli gitt samtidig med løyve etter veglova §32. Om leidningsarbeidet kjem inn på andre grunneigarars eigedom, er det nødvendig med samtykke frå vedkomne i tillegg til tillating etter veglova §32 frå kommunen. Samtykke frå privatperson skal leggjast ved søknaden som følgjebrev.

PLANLEGGING OG GODKJENNING AV LEIDNINGSARBEID

Leidningseigar er ansvarleg søker for leidningsarbeid og skal innhente tillating frå kommunen før leidningsarbeidet startar. Søknad skal sendast inn via kommunens elektroniske søknadssystem minimum 5 verkedagar før arbeidet skal utførast. Akutte hendingar skal sendast inn seinast dagen etter.

FLYTTEPLIKT Leidningseigar er forplikta til, for eigen rekning, å foreta endringar på

leidningsnettet, eller fjerne leidningsanlegget, som følgje av vegtiltak, om det er naudsynt av omsyn til veginteresse jf. leidningsforskrifta. Det er berre vegtiltak som utløysar flytteplikta. Kommunen kan for eksempel krevje at kablar flyttast frå luft til jord om flyttinga er ein del av eit trafikksikkerheitstiltak. Flytteplikt kan og krevjast på andre kommunale areal, men då må dette kome fram av inngått avtale.

INNHALD I SØKNAD OM LEIDNINGSARBEID

Leidningseigar skal i rimeleg tid før arbeidet startar, sende skriftleg søknad til kommunen om tillating til leggje leidningar innanfor vegens eigedomsområde eller i anna kommunalt areal, og godkjenning av ønska leidningstrase.

Tiltakshavar skal sørge for at det blir sendt søknad om godkjenning av gravearbeid til kommunens vegmyndigheit samt arbeidsvarslingsplan. Det vil normalt ikkje bli gitt gravetillating i offentlege areal som er renovert eller gravd i dei siste 3 åra. Kommunen kan i nokre tilfelle av stor betydning utvide denne fredningsperioden. Dette gjeld og for grøntareal og andre kommunale areal. Ved akutte hendingar som må utbetrast fortløpande, er det nok at kommunen varslast munnleg. Skriftleg søknad sendast deretter

første verkedag. Søkjar er ansvarleg for å få oversikt over andre installasjonar i same trase, og om naudsynt foreta påvising i traseen.

BORING

Boring kan vere aktuelt på kommunale areal der graving er vanskeleg å gjennomføre.

LEIDNING I LUFT

All ny montasje i eksisterande stolpar skal utførast i samsvar til gjeldande leidningsforskrift. Det krevjast ikkje ny søknad etter veglova §32 når leidningar/kablar i etablerte fellesføringar skal skiftast ut. Dette gjeld ein til ein utskifting. Det krevjast heller ikkje ny søknad der det er tale om reperasjonar og vedlikehald i eksisterande stolpestrekk, men leidningseigar har plikt til å varsle kommunen.

SØKNAD OM GRAVEARBEID

Randaberg kommune har digitalt søknadsskjema som skal nyttast når ein søker om gravetillating hjå kommunen. Skjemaet finn ein på kommunen si heimeside.

Arbeidsvarslingsplanen for arbeidet skal og leverast via kommunen sin elektroniske søknadsportal.

Ved oppstart av anlegget skal det føra opp ein tidsplan for gjennomføring. Anleggsperioden bør avgrensast til kortast mogleg tid. Ein må og tenkje på kva tid på dagen ein arbeider. Er ein i område med høgt trafikkert skuleveg/skuleområde, skal ein ikkje arbeide i tidsramma før skulestart. Dette må eventuelt avklarast med skiltmyndigheita.

TVANGSMULKT

Kommunen kan fastsetje tvangsmulkt om arbeider ikkje er ferdige innan fristen, jf. plan- og bygningslover §29-7b. Det er viktig at tidspunktet for avslutninga av anlegget dokumenterast, og ferdigmelding sendast til kommunen. Garantitida løyper frå tidspunktet når ferdigmelding og FDV (innmåling av objekt, tre, bilete m.m.) er mottatt og godkjent. Kommunen bestemmer om det skal gjennomførast sluttbefaring etter endt arbeid. Om det er utført mangelfullt arbeid, skal kommunen gi forhandsvarsel med pålegg om retting innan ein rimeleg frist. Om pålagt utbetring ikkje blir gjort innan frist, kan kommunen la det bli utført for leidningseigers rekning og risiko.

GARANTITID

Kommunen kan krevje økonomisk garantistilling for utførte leidningsarbeider i veggrunnen og andre kommunale uteområde. Leidningseigar er ansvarleg for at det stilles slik garanti. Garantien sin storleik og varigheit skal stå i forhold til arbeidet som er utført. Garantitida skal ikkje ha ei varigheit over 5 år frå arbeidets avslutning, men kommunen kan i enkelttilfelle både redusere og forlenge garantiperioden. Leidningseigar er ansvarleg for all skade som leidningsanlegget måtte påføre vegen, irekna skader som oppstår på grunn av manglar ved istandsetting og skadar som skuldast sjølve etableringa av

leidningsanlegget. Manglande istandsetting kan for eksempel vere setningsskadar som kan tilbakeførast til manglande komprimering av massar i vegoppbygginga. Leidningseigar er ansvarleg for ei slik følgeskade. For graving i park- og friområde eller anna kommunal grunn knytast garantitida til vekstsesongen. Tiltakshavar/entreprenør skal erstatte ein kvar skade som påførast tre og vegetasjon under den aktuelle graveløyven. Krav til leidningseigar i gjennomføringsfasen Dette skal leidningseigar gjere i gjennomføringsfasen

- Dokumentere tilstanden ved oppstart av gravearbeid, da med foto
- Delta på oppstartsbefering
- Sørge for påvising av eksisterande anlegg før gravearbeid startar, gi beskjed til kommunen før gjennfylling av grøfter, før legging av dekke, ved ferdig utført istandsetting, og ved eventuell midlertidig istandsetting
- Dokumentere for uventa hendingar
- Loggføring av arbeidsvarsling

ARBEID I STRID MED GODKJENT TILLATING

Kommunen eller politiet kan stanse arbeid som er i strid med godkjent tillating. Arbeid kan og stansast av skiltmyndigheita eller politi om sikring og skilting kan utgjere ei fare. Vidare kan arbeidet stansast om varsling eller sikring ikkje er utført i samsvar til godkjent plan eller andre forhold, og det skapar vesentlege ulemper for trafikkavviklinga.

Blir det utført arbeid som stridar mot Randaberg kommune og kommunen må rydde opp, kan kommunen fakturere på entreprenørs rekning.

GRAVING UTAN LØYVE

For graving utan godkjent gravetillating kan kommunen eller politiet stanse arbeidet inntil nødvendig løyve ligg føre, eventuelt kan dei krevje istandsetting av graveområdet. Blir ikkje kravet følgt, kan kommunen sørgje for at istandsetting skjer for entreprenørens/leidningseigars rekning og risiko. Har graving skjedd forsettlege eller uaktsamt, kan forholdet meldast til politiet. Om det blir grave ulovleg i veg, kan kommunen i tillegg klage vedkomande entreprenør til Direktoratet for byggkvalitet.

FULL ISTANDSETTING Leidningsforskrifta regelfestar prinsippet om at leidningseigar skal

sørgje for full istandsetting av vegen, slik at den får tilstrekkeleg funksjonalitet og ikkje kan forventast å få kortare levetid som følgje av utført leidningsarbeid. Statens vegvesens Vegnormal N200 gjeld for alle offentlege vegar og beskriv material og utføring for ulike vegtypar og trafikkmengda. Randaberg kommune brukar i tillegg til N200, Vegnorm for Sør-Rogaland. Norm for utomhusanlegg blir og brukt for opparbeiding av ulike område, då mellom anna turvegar eller grøntområde. Ved gjennfylling og istandsetting skal vegen byggjast opp igjen med material, vegutstyr og beplantning av same type og kvalitet som den hadde før arbeidet starta. I tillegg til sjølve vegoppbygginga skal beplantning, sluk, kantstein, skilt, gatemøblar, fartshumpar m.m. erstattast når desse er skada eller blitt fjerna som følgje av gravearbeidet.

PLASSERING AV INSTALLASJONAR


Vegeigar skal godkjenne plassering av installasjonar før arbeida startar.

ASFALTERING

Vegeigar skal informerast før asfaltarbeidet startar. Nytt slitelag bør som hovudregel leggjast i heile køyrefeltet for å unngå langsgåande skøyter i hjulspora. På vegar utan oppmerka køyrefelt bør som hovudregel nytt slitelag leggjast slik at det unngår langsgåande skøyter i hjulspora, om lag midt i køyrefeltet. Ved graving i fortau og gang- /sykkelveg, skal det som hovudregel asfalterast i full breidd. På breie gang- og sykkelveggar med tydeleg skilje mellom køyrebane kan dette kravet reduserast til halve breidda. Der fortausbreidda er unormalt stor, kontaktast kommunen for avklaring.

MILJØASFALT

Randaberg kommune godtek gjennbruksasfalt, men dette må avklarast med vegeigar før utlegging.



KRYSSINGAR

Der ein ikkje kan fresa fortanning grunna for lite slitelag, skal det utkilast på begge sider av grøfta. Som regel skal grøfta skal vere skråstilt, men kan tas med vegeigar. Fortanninga skal fresast i minimum 30 cm breidde og 3 cm djupne.

GATESTEIN, BELEGNINGSSTEIN, HELLER OG PLATER

Stein som fjernast før gravearbeid, skal i hovudsak nyttast igjen ved istandsetting av arealet.

VEGMERKING

Vegmerking som fjernast/skadast i samband med graving, skal som hovudregel erstattast med same type, snarast mogleg etter asfaltering.

Om vegen leggjast om, skal vegmerking fresast vekk.

MIDLERTIDIG ISTANDSETTING

Legging av midlertidig dekke skal avtalast med vegeigar. Leidningseigar er ansvarleg for at vegen er farbar til permanent istandsetting. Permanent dekke skal leggjast straks forholde ligg til rette for det.

Ved midlertidig gjennfylling, skal dette avklarast med vegeigar.

ARBEIDER NÆR TRE, FRIOMRÅDE, PARKER, UTEOMRÅDE OG ANDRE KOMMUNALE AREAL

Grøntområde og tre skal vurderast tidleg i prosjekteringsfasen. Søknad om graveløyve skal sendast til

kommunen ved graving i alle kommunale areal, og utover vegnettet. Same søknadsskjema skal nyttast.

Det må alltid vurderast om gravetraseen kan flyttast til fordel for trær eller andre grønne verdier.

Køyring/lagring i friområde utover graveløyve skal ikkje førekomme. Parkering eller lagring av maskiner og utstyr utover det som kan plasserast i grøft er ikkje tillat. Areal til riggplass skal avtalast med kommunen.

Alt arbeid og istandsetting av areal skal følgje kommunens norm for utomhusanlegg og Vegnorm for Sør-Rogaland. Det skal nyttast ferdigplen til reetablering av plenområder. Eigedomen er ikkje overlevert før sådd gras eller ferdigplen er etablert og har hatt ein etableringsskjøtsel i samsvar til norm for utomhusanlegg. Entreprenør er fullstendig økonomisk ansvarleg ved skade på kommunens friområde, trær, busker eller anna vegetasjon og element.

FRAMANDE ARTER

Det er innført restriksjonar for å hindre spreiding av skadelege eller potensielt skadelege organismar i Noreg (forskrift om framande organismar). Tiltakshavar/entreprenør må vere merksam på at framande arter kan spreie seg ved graving, handtering av plantemateriale og utfylling i terrenget. For å hindre spreiding av uønskt framande artar, skal handtering av massar gå føre seg i tråd med forskrift om framande organismar.

MICROTRENCHING

Det er opp til vegmyndigheita å vurdere om microtrenching godkjennast ut frå vegfagleg begrunning. Vegkonstruksjonen skal sikrast, og når alternativ som microtrenching som metode nyttast.

Kommunen kan krevje at det fresast med fortanningsfres med trenchsporet i senter av fresesporet.

Trenchsporet skal framleis fyllast med bitumenmasse.

Kommunen kan og krevje at asfalt fjernes på sidan av trenchingsporet og reetablerast med nytt asfaltlag tilsvarande tradisjonell graving. Asfalten sagast og fjernes i ein breidd på minimum 30-50 cm på kvar side av trenchingsporet slik at ein kjem til med komprimeringsutstyr.

Om eksisterande asfalt er krakelert, må det vurderast å sage breiare for å unngå brekkasje i berelaget.

Før ein går i gang med trenching, skal det avklarast med vegeigar.